

## ÅRSBERETNING 2008 - SAUHERAD HISTORIELAG

Sauherad Historielag har i 2008 hatt eit godt og interessant arbeidsår. Forutan ordinære styremøter og årsmøte er halde medlemsmøter og lokale turar til eindel stader i bygda der ulike tema er tatt opp.

På eit godt besøkt medlemsmøtet den 16. april kåserte Olav J. Haukvik om knivkunsten og knivsmedar i Telemark, og viste døme på knivar laga av mange av dei gamle smedane. På møtet i oktober hadde me fylkesarkeologen i Telemark, Geir Sørum, som foredragshaldar. Foredraget hadde han kalla "Førhistoriske kulturimpulsar til Sauherad og grannebygdene over Kaupang i Vestfold", og var ein interessant gjennomgang av dei mange funn og gjenstandar fra gamal tid som var gjort ved utgravingar her i området. Spesielt viser dei mange gravhaugar som er avdekte at vassdraget var sers viktig for busetnad og levevilkår.

Laget arrangerte ikkje sommartur i fjor, men har i staden gjennomført såkalla tematurar til stader i bygda. Turen i vår gjekk til Krokmanneva, ein stad som fra eldgamal tid har vore ein sentral møte- og handelsplass.

Ole Thor Ripegutut tok for seg lokalhistoria i området, mens Joar Sættem fortalde om dei geologiske tilhøva som gjorde staden sentral i gamal tid. Midtsommars hadde laget skipa til samling på Hemshaugen, og mange var møtt fram for å høre Olav Klever fortelje om arbeidet med å lokalisere husmannsplassar på Klevarsida. Einar Hem fortalde gamal lokalhistorie, og viste fram gjenstandar som han hadde funne i området.

I august hadde me tur til Øya Rivefabrikk, der nåværande eigar Helge Sudbø ønskte vel møtt og viste omkring i den gamle fabrikk. Dessutan fortalde Leif Espeseth og Gunnar Humlebrekke fra arbeidet.

Arbeidet i slektsgranskingsgruppa som blei starta forrige året heldt fram i 2008, om enn med mindre deltaking enn i fjor. Det er likevel å håpe at tiltaket er av interesse, og at me kan halde fram med samlingane.

Etter initiativ fra Sauherad kommune blei arbeid med rehabilitering av den gamle tingstaden på Tinghaug ved Lindheim satt i gang i 2008.

Det er gjennom året halde fleire møter i arbeidsgruppa, der formannen i historielaget er med. Leiar er kommunalsjef Hans Olav Sauar. Det er meininga å markere Tinghaug med ein åpningssermoni i juni 2009.

Telemarkskanalen/Skien-Norsjø-kanalen blei åpna i 1861. I 2011 er det planer å gje ut ei jubileumsbok i høve 150-års markeringa. Etter innbyding fra Telemarkskanalen var formannen, saman med representantar fra fleire organisasjonar, med på eit orienteringsmøte i fjor haust der planane for prosjektet blei presentert. Meininga er at desse interessentane kan nyttast som referansepersonar, og m.a. søke å finne fram opplysningar og fakta av interesse i arbeidet. For Sauherad har Kanalen på mange vis vore ei livsnerve som har forma utviklinga av busetnad, handel og transport i bygda gjennom mange ti-år, og det er sikkert mange som sit på gode historiar og gamle gjenstandar fra denne tida.

På eit godt besøkt årsmøte den 26. februar 2009 viste rekneskapen for laget at økonomien er god. Sjøl om kontingenten og inntektene i laget er små, er utgiftene også sers låge. Det er òg gledeleg å merke seg at medlemstalet er aukande, og at fleire i bygda er interessert i og støttar arbeidet i laget.

Forutan godkjenning av dei ordinære sakene som årsmelding og reknskap, slutta årsmøtet seg til styret sitt framlegg om å arbeide vidare med å utvikle

data-heimeside for laget. Likeså blei styrets framlegg til arbeidsplan for 2009 (sjå nedanfor) godkjent.

Etter årsmøtet heldt tidlegare biblioteksjef Gunhild Kjellsen eit interessant foredrag om bibliotektenesta, med spesiell vinkling på utviklinga av verksemda i Sauherad.

Me har i fjor solgt ein del eksemplarar av boka om Hallvard Gråtopp som laget gav ut tidlegare.

I 2009 har Sauherad historielag dette styret: Bjørn Holta (leiar), Arnt Håtveit, Kittil Prestholdt, Gunhild Haugerud og Nils Olav Haugen.

Varamedlemmer til styret er Olav J. Haukvik og Nils Leidulf Nerisrud, som òg er kasserar i laget.

Styret takker medlemmer og andre som har vore med på ulike arrangement for interesse og oppfølging gjennom året. Det er vårt ønske at lagets arbeid kan vere med å stimulere interessa for den rike lokalhistoria me har, og gje auka oppslutning om laget sitt arbeid.

### **Sauherad Historielag - årsplan for 2009**

Årsmøtet i Sauherad Historielag har på årsmøtet den 26. februar d.å godkjent styrets framlegg til arbeidsplan for 2009. Me ber om at interesserte noterar seg følgjande program:

- April 23. kl. 19.00:      Åpent møte på Allrommet, Nes skule:  
"Vassdragets og Kanalens betydning for bygda"  
Div. innlegg og orienteringar.  
Dir. Sven Arntsen: Telemarkskanalen i framtida.
- Mai 28. kl. 19.00:      Kveldstur til gammalt steinhus på Lønheim.  
Eivind Lønheim orienterar.  
Ta med kaffe, noko "nevemat" og stol.
- August 5. kl. 18.00:      Kveldstur til Narekollen.  
Harry Kisfoss fortel om denne gamle storbakken,  
"verdastørste" i si tid.  
Me møtast på Nordagutu stasjon **kl. 18.00**  
(merk tida), og kjører saman så langt me kjem  
med bilane. Omlag 20-30 min.gange til bakken.  
Ta med niste.
- August 26. kl. 19.00:      Samling på Sauherad prestegard.  
Tema husa på prestegarden, historia rundt den  
og prestane som har budd der.  
Hans Sundsvalen orienterar om husa på garden.  
Ivar Solbu fortel historiar om dei gamle prestane,  
og Bjørn Holta fortel fra sin oppvekst der under  
krigen.  
Ta med kaffe, "nevemat" og stol.
- Oktober                      Åpent møte på Nordagutu Sambruksanlegg.  
(Nærare orientering om      "Jernbanens historie og betydning for bygda"  
dato vil kome seinare)      Personar fra Jernbaneverket vil orientere.